

Foretaksnavn: Naturvernforbundet Hordaland
Navn: Nils Tore Skogland
Adresse: Bryggen 23, Jakobsfjorden 4. Etasje
Postnr.: 5003 Bergen
Telefon: 55300660
Mobiltelefon: 99010607
E-post: hordaland@naturvernforbundet.no

Mottaker: Hordaland fylkeskommune
Saksnr.: 2016/35219

SLUTTRAPPORT

REFERANSENR.: 18R96795

Naturglede Hordaland 2017

Egenvurdering av gjennomføring av tiltaket og tiltakets effekt

Ble tiltaket gjennomført som planlagt? Ja

Egenvurdering av prosjektets faglige resultater og gjennomføring:

Hovedmålet for Naturglede Hordaland var i 2017 å stimulera til naturglede, engasjement og auka kunnskap om nærnaturen gjennom fysisk aktivitet i nærnaturen, ved å arrangera minst to naturgledearrangement. Målgruppa var personar som sjeldant ferdast i naturen, med særskilt fokus på barnefamiljar og personar med minoritetsbakgrunn.

For å nå desse måla arrangerte me to låg-terksel naturgledearrangement i løpet av hausten 2017. Det første fann stad ved Skomakerdiket i byfjella på den nasjonale Kom-deg-ut-dagen til DNT søndag 3. september, i samarbeid med Bergen og Hordaland Turlag og den årlege Byfjellsdagen som dei arrangerer. Naturvernforbundet Hordaland deltok som arrangør og gjennomførte "naturskattejakt", som gjekk ut på at barna fekk utdelt fargerike skattekart med fem ulike artar, som dei fekk i oppgåve å finna i skogen rundt Skomakerdiket. Til saman deltok over 3000 store og små i aktivitetane på Byfjellsdagen, og mange hundre ivrige barn var med på naturskattejakta. Når barna hadde klart å finna alle dei fem artane, fekk dei økologiske plommer og diplom med namnet sitt på, og med enkle, morosame fakta om artane dei hadde funne. Målet med naturskattejakta var å stimulera barna si nysgjerrigheit og gjera dei merksame på kva som finst i naturen rundt dei, samt å læra dei nokre fakta om artane sine funksjonar. Karta og diplomane var trykt i både norske og engelske versjonar av omsyn til deltakarar utan norsk-språkleg bakgrunn. I tillegg til prosjektkoordinator deltok fire frivillige naturguidar, i hovudsak biologistudentar frå UiB, som rettleia barna og delte ut skattekart og diplomar. Som nemnt har ei viktig målsetting for Naturglede Hordaland i 2017 har vore å inkludera innvandrargrupper, og me var glade for at ein del av barna som deltok i naturskattejakt på Byfjellsdagen var innvandrarar eller barn av innvandrarar, som kom saman med familiane sine. I forkant av arrangementet var me i dialog med Bergen kommune sitt introduksjonssenter for flyktningar, som vidareformidla ein plakat med informasjon om arrangementet på engelsk til brukarane sine. I tillegg var informasjonen på Facebook- arrangementet skrive på både norsk og engelsk, og informasjon om arrangementet vart delt på Facebook-gruppa «Refugees welcome to Bergen». Det er naturlegvis vanskeleg å vurdera om nokre av deltakarane med innvandrarbakgrunn kom på grunn av at dei hadde fått informasjon

gjennom denne Facebook-gruppa eller introduksjonssenteret, og i så fall kor mange, men me håpar og trur at det bidrog til at fleire innvandrarakar fekk vite om arrangementet.

Det andre arrangementet fann stad i den bynære Langeskogen, der me gjennomførte "Naturglededag" søndag 1. oktober i samarbeid med den polske organisasjonen Propter Familia og Langegården. Deltakarane kunne delta på naturskattejakt og to nivå av naturstiar gjennom skogen der vinnarane fekk gåvekort på Akvariet. I tillegg hadde me leigd inn to soppkontrollørar frå Sopp- og nyttevekstforeininga i Bergen som kontrollerte soppene til dei som ville plukka, og som i tillegg hadde med døme på etande og giftige soppar. Mot slutten av dagen fekk deltakarane haustsuppe med brød, kaffi og sveler på Langegården. Trass i regnbyer og noko surt vêr, var om lag hundre personar innom arrangementet, og tilbakemeldingane var svært positive. Aktivitetane vart bestemt saman med Propter Familia, som mobiliserte sitt nettverk av polske innvandrarakar, som er den største etniske innvandrargruppa i Noreg. Dei oversette arrangementinformasjonen til polsk, så på Facebook-eventen var informasjonen på både norsk, engelsk og polsk. Me reknar med at inntil 30 av deltakarane var polske innvandrarakar, etter anslag frå Propter Familia. I tillegg vidareformidla ressursenteret Batteriet informasjon om arrangementet til sitt nettverk, som i stor grad består av innvandrarakar. Både naturskattejakta og naturstiane var på både norsk og engelsk. Arrangementet fann også stad under Økoveka, og vart i dialog med arrangørane der også marknadsført som ein av Økoveka-aktivitetane. I tillegg til prosjektkoordinator hadde me med oss to frivillige naturguidar samt vår eine praksisstudent som bidrog til gjennomføringa av arrangementet. Spørsmål i naturstien var utvikla av våre to dyktige praksisstudentar som me hadde med oss frå UiB dette semesteret.

Beskriv kort hva ved tiltaket som var spesielt vellykket, middels vellykket og mindre vellykket:

Me er spesielt nøgde med at begge naturgledearrangementa var godt besøkt, og spesielt at mange barnefamiliar deltok, og at me opplevde at me lukkast i å leggja til rette for at folk fekk oppleve låg-terskel naturglede og læring om nærnaturen sin. Me fekk utelukkande positive tilbakemeldingar frå deltakarane, og naturskattejakta var spesielt ein suksess: Det var lett å sjå at barna synest det var spennande å leita etter artane på skattekartet, og dei var veldig krye då dei fekk utdelt diplom etterpå. I tillegg er me svært nøgde med den frivillige innsatsen frå naturguidane og dei to praksisstudentane me hadde hjå oss i haust, som gjorde det mogleg å gjennomføra arrangementa med lågare kostnader enn me hadde budsjettert med, og som gjer det mogleg å gjennomføra endå fleire naturglededaktivitetar for støtta.

Arbeidet med å inkludera minoritetsgrupper definerer me som middels vellukka: me klarte i nokon grad å mobilisera personar med minoritetsbakgrunn, men kunne i endå større grad ha jobba med å koma i kontakt med denne gruppa i forkant av arrangementa. I gjennomføringa av arrangementa kunne me hatt eit betre opplegg med tanke på å auka kontakten mellom deltakarane med minoritetsbakgrunn og etnisk norske deltakarar. Denne lærdomen tek me med oss i vidareutviklinga av prosjektet.

Gi en vurdering av i hvilken grad tiltaket forventes å gi varig økt deltakelse i friluftsliv for deltakerne:

Dette er vanskeleg å vurdere, men med tanke på alle dei positive tilbakemeldingane frå deltakarar, og trivnaden me observerte blant dei som var med, trur me at naturgledearrangementa i stor grad har gitt dei som var med positive opplevingar som freistar til auka deltaking i friluftslivet.

Beskriv kort, gjerne med stikkord, hva som vurderes som suksesskriterier for å lykkes med denne type tiltak:

- Dialog og samarbeid med gode samarbeidspartnarar (i vårt tilfelle Bergen og Hordaland Turlag, Propter Familia, Langegården, Introduksjonssenteret for flyktningar og Batteriet).
- Planlegging i god tid.
- Enkle og morosame aktivitetar, som naturskattejakt, sopplukking og natursti.
- Gjennomføring av arrangement i nærnaturen, som gjer at det er lett å delta og koma seg til og frå.

Flere opplysninger om gjennomført tiltak

Type gjennomført tiltak: Organisert tur eller annen aktivitet som ikke er kurs eller opplæring

Ca antall deltakere fra følgende målgrupper	Antall
Personer med innvandrerbakgrunn	100
Personer med etnisk norsk bakgrunn	400
Personer med nedsatt funksjonsevne	10
Personer som er svært fysisk aktive	50
Personer som er moderat fysisk aktive	300
Personer som er lite fysisk aktive	150
Totalt antall deltakere	500

Ca antall deltakere fra følgende aldersgrupper	Antall
0-12 år	250
13-19 år	75
20-66 år	150
67 år og eldre	25
Totalt antall deltakere	500

Vurdering av antatt helseeffekt for deltakerne: Svært god

Begrunnelse for vurdering av helseeffekt:

Aktivitetane me la opp til på begge naturgledearrangementa stimulerte til fysisk aktivitet i friluftsområde ute i naturen, gjennom naturskattejakt, naturstiar og sopplukking. Deltakarane var derfor i fysisk aktivitet, og fekk dessutan sunn, kortreist mat frå Langegården då me hadde naturglededag der 1. oktober. Som premie i naturskattejakten på Byfjellsdagen 3. september fekk barna økologiske plommer, eit sunt alternativ til andre typar snacks. Me vurderer derfor helseeffekten som svært god.

Samarbeid og markedsføring

Samarbeid med andre i forbindelse med gjennomføring av tiltaket

Er tiltaket gjennomført i samarbeid med andre? Ja

Det er samarbeidet med følgende:

- Innvandrerorganisasjoner
- Friluftslivsorganisasjoner
- Andre lag og organisasjoner

Navngi hvilke organisasjoner/etater det er samarbeidet med og eventuelt nærmere beskrivelse av samarbeidet:

Det første naturgledearrangementet 3. september, gjennomførte me som nemnt i samarbeid med Bergen og Hordaland Turlag, som ein del av aktivitetane på Byfjellsdagen i samband med den nasjonale Kom-deg-ut-dagen i regi av DNT. Bergen sitt introduksjonssenter for flyktningar bidrog også ved å spreia informasjon om arrangementet til sine brukarar.

Det andre arrangementet, 1. oktober, blei gjennomført i samarbeid med organisasjonen for polske innvandrarar i Bergen og omegn, Propter Familia. Her hadde me også samarbeid med Langegården, og ressurscenteret Batteriet spreidde også informasjon om arrangementet til brukarane sine. Naturglededagen vart også marknadsført som eit av arrangementa i Økoveka.

Markedsføring av tiltaket

Er det utført markedsføring av tiltaket? Ja

Type markedsføring:

- E-post/nyhetsbrev
- Brosjyrer/plakater

Gi en nærmere beskrivelse av markedsføring:

Arrangementa vart marknadsført gjennom Facebook-eventar, på Naturvernforbundet Hordaland si nettside og i nyheitsbrev som vert sendt ut på e-post til medlemane våre. Naturskattejakta på Byfjellsdagen vart også annonsert gjennom Bergen og Hordaland Turlag sine kanalar, og var ein del av Bergen og Hordaland Turlag si annonse i Bergens Tidende. Som nemnt blei også ein plakat om arrangementet formidla til brukarane av Introduksjonssenteret for flyktningar i Bergen, og informasjon om arrangementet vart spreidd i Facebook-gruppa "Refugees welcome to Bergen". Det andre arrangementet vart også spreidd gjennom Propter Familia og Batteriet sine formidlingskanalar, og det vart hengt opp plakatar i Langeskogen.

Regnskap

Utgifter	Budsjett fra søknad	Regnskap
Prosjektarbeid (lønn og indirekte kostnader for flere medarbeidere) til planlegging og gjennomføring	260 530	116 388
Arbeidstjenester prosjekter (oversettelse, tolking og førstehjelpskurs for turledere)	14 950	0
Aktivitetskostnader (mat og leie av utstyr)	6 800	26 804
Reise	6 000	579
Materiell (papir, penner, flyers)	3 000	17 437
Gave (premie i naturskattejakten)	1 000	825
Annonsering/profilering: i lokalavis, på nett, andre egnede steder som buss etc.	220	441
Revisjon og regnskap	3 500	0
Dugnadsinnsats	60 000	60 000

Periodisering (støtte overføres til 2018)		132 526
Total sum	356 000	355 000

Inntekter	Budsjett fra søknad	Regnskap
Sum innvilget denne søknaden	100 000	100 000
Dugnadsinnsats	60 000	60 000
Andre offentlige tilskudd	195 000	195 000
Annen finansiering	1 000	0
Egne midler	0	0
Total sum	356 000	355 000

Regnskapsbalanse: 0

Forklaring til regnskapet, herunder eventuelle innsparinger/avvik i forhold til søknaden:

Hausten 2017 var me så heldige å få to studentar frå Universitetet i Bergen i praksis hjå oss, i staden for éin som er vanlegare. Grunna innsatsen deira, samt innsatsen frå våre frivillige naturguidar, var me i stand til å gjennomføra naturgledearrangementa med langt lågare kostnader enn budsjettert med. Ein anna grunn til lågare kostnader i 2017, er at naturguidane våre ikkje hadde høve til å delta på førstehjelpskurs på føreslåtte tidspunkt, og dette var dermed utsett til 2018. Grunna innsparingane bad me Hordaland Fylkeskommune og Miljødirektoratet om løyve til å nytta dei resterande midlane til å gjennomføra fleire naturgledearrangement i 2018, noko me fekk innvilga. Derfor overfører me dei resterande 132 526 kr til gjennomføring av Naturgledearrangement i år. På neste side finn de budsjett for Naturglede Hordaland 2018, her dei overførte midlane er rekna med.

Ettersom me klarte å halda kostnadane nede på arbeidstimar, arbeidstenester og reise, tillét me oss noko høgare kostnader på nokre av dei andre postane: Aktivitetskostnadane auka som følge av at me tilbydde kortreist mat frå Langedgården på Naturglededagen i Langeskogen, og materiell-kostnadane auka ettersom me kjøpte inn t-sjorter i økologisk bomull til bruk for naturguidar og andre frivillige, også med tanke på framtidige naturglede-arrangement. Elles brukte me noko meir på annonsering av arrangementa.

Vedlegg

- 📎 Foto Fredrik A. Kaada, Byfjellsdagen.jpeg (Bilde)
- 📎 Foto Synnøve Kvamme, NVH, Byfjellsdagen.JPG (Bilde)
- 📎 Foto Synnøve Kvamme, NVH, Byfjellsdagen (2).JPG (Bilde)
- 📎 Foto Synnøve Kvamme, NVH, Langeskogen.JPG (Bilde)
- 📎 Foto Synnøve Kvamme, NVH, Langeskogen (2).JPG (Bilde)
- 📎 Naturglede Hordaland prosjektrapport for 2017, 15.1.2018.pdf (Utvidet rapport)

Merknad:

Vedlagt er 5 bilete frå dei to naturgledearrangementa i 2017, meir utfyllande rapport, samt budsjett for Naturglede Hordaland 2018 der dei overførte midlane er inkludert.

[sign] Nils Tore Skogland for Naturvernforbundet Hordaland

Leveret 15.01.2018